



Slepet av DE TRANSPORTER (EX: EIDE TRANSPORTER) vert gjort klar på Eidsvik. Taubåten er FAIRPLAY 33 og fører Antigua flagg.

Løfteskipet EIDE TRANSPORTER vert truleg flytta frå Eidsvik sitt anlegg ein av dei fyrste dagane. Taubåten FAIRPLAY 33 kom til Uskedalen i går kveld og gjer klar for slep. EIDE TRANSPORTER har før avgang frå Uskedalen fått nytt namn til DE TRANSPORTER. Skipet har Bahamas flagg.

EIDE TRANSPORTER med sine knappe 20000 bruttotonn er det største skipet som nokon gong har lege til kai i Uskedalen. Skipet er 180 meter langt og kom til Uskedalen i februar 2017. Fartyet er eit spesialskip for transport av andre skip over lenge avstandar. EIDE TRANSPORTER er bygd i 1983 og skal no vera seld. Uskedalen.no har ikkje nøyaktige data på kor skipet vert slept eller kven som er ny eigar.

Slepebåten FAIRPLAY 33 har Antigua flagg.

Meir informasjon om slepet og avgangen kjem seinare.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs